



Maria Malmsten er dugande og inspirerende dirigent for dei to kora.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen.no har tidlegare omtala det store samarbeidsprosjektet som pågår mellom Røyserett for alle og Rosendal Songlag. Prosjektet vert avslutta med konsert i Kvinnerad kyrkje førstkomande sundag. Då kan vi mellom anna høyre storverket Mariamusik av Anders Øhrwall framført av dei to kora saman med solistar, musikarar og resitørar.

Leiar i Røyserett for alle, Svein Rimestad, fortel at det i tillegg til Mariamusik også vert framørt andre musikkstykke. Gjermund Fredheim vil gle publikum med gitarspel på høgt nivå. Dessutan vil ein del av musikarane som spelar på Mariamusik også framføra egne nummer.

Folk som har tjuvlytta på øvingane, kan fortelja at det er ein konsert å gle seg til. Trass i dette kan Rimestad fortelja at dei skal ha ein hard øvingsinnsputt. Etter øvingar både torsdags- og fredagskvelden er det planlagt øving frå kl.11 til kl.18 lørdag. Deretter møtest dei kl.14 søndag for å ta oppvarming og ein siste finpuss før dei to førestillingane om kvelden, kl.18 og kl.20. Då fortener dei ei fullsett kyrkje på begge konsertane.

Det kan vera verd å merkja seg at ein får kjøpt billetter på førehand hos Svein Rimestad(911 09 868) og på Stemning i Rosendal. Dessutan går det an å ta kontakt med kormedlemmer så vil dei hjelpa til med å skaffa billetter.

Av: Thor Inge Døssland



Frå ei fellesøving i Herøysundet.(Foto: Ola Matti Mathisen)